

Merknad til Strandafjellet skisenter sin konsesjonssøknad for vassuttak til kunstsno-produksjon

Sameiget Furset grunneigarlag er heimelshavar til området for denne søknaden (1525 45/73 og Furset sams fjellmark) og vi vil bermerke følgjande:

- I arealplanen til Stranda kommune går det ei skiløype frå Langedalen og rett inn i dam området. (Fig.2-3 i søknaden) Sikkerheit knytt til damanlegget og skiløypa er sparsamt omtala i søknaden. Om damanlegget skal sikrast med gjerde for å hindre skiløparar å renne inn i området på vinteren må ein ta høgde for store snømengder. Dette vil bli høge gjerder som på sommaren vil bli svært skjemma. Ein må finne gode og fine løysingar, også for sommarhalvåret, for å geleide skifolket utanom dam området.
- Minstevassføring. Ein må sikre minstevassføringa i Fursetelva. Gjennomsnittleg vassforbruk til kunstsno dei siste fire åra har vore på ca. 74 000 m³. Ifølgje vedlegg til denne saka var estimert forbruk i 2007 ca. 8000 m³. Her må ein sikre at livet i elva ikkje tek skade av låg vassføring. Målingar av minstevassføring i inntaksdammen til Stranda Energiverk nedstraums av skisenteret viser periodevis langt under 100 l/s vinterstid.
- Korleis vil ein handtere høg vassføring ved flaum i Ytstegrova, nedstraums av den nye demninga? Når myra på toppen blir fjerna kan ein då risikere så høg vannstand att demninga renn over i si fulle breidde?
- Vedlegg 6: Oversikta over berørde grunneigarar er utdatert, fleire av desse har gått bort.
- Vedlegg 9: Avtale mellom Strandafjellet Skisenter AS og Furset Grunneigarlag er ikkje den endelege tinglyste avtalen. Vedlegget er ein ufullstendig kladd og skulle ikkje vore publisert av søkjar

Stranda 30.01.2023

Sameiget Furset grunneigarlag

Roger Furset

Leiar